Vedlegg -7

LINDÅS KOMMUNE
Byggesak

Rikke Davidsen

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Tor Hegle | 15.04.2015 |
| Vår: 15/1473 - 15/8499 | Tor.Hegle@lindas.kommune.no | |

# Tilbakemelding på førespurnad. Gbnr 38/19 Hodne

Dette er eit utsnitt frå kommuneplanen.



Utsnittet viser at tiltaket ligg i føremål sett av til LNF (Landbruk Natur og Friluft)
Tiltaket ligg også innanfor 100-m beltet mot sjø (strandsone).

<u>Om tiltaket på staden.</u>
Tiltaket er registert i matrikkelen. Kartet viser grenser etter skulddeling. Grensene er ikkje målt opp på staden.
Finn ingen opplysninger i fjernarkivet på eigedomen. Tiltaket er muleg oppført før bygningslova i 1965.
All bygging/anlegg i området er avhengig av dispensasjon både frå LNF og frå 100m-beltet.
Behandling av søknadsplitktig tiltak og søknad om dispensasjon er gebyrbelagt (kvart sitt gebyr).

Her er kartutsnitt over eigedomen Gbnr 38/19.



Om VVA (Veg, vatn, avlaup).
Kartutsnittet kor det kan knytast til vatn og avlaup. Rett til tilknyting må avklarast med leidningseigar som er kommunen. Tilknytinga er avgiftspliktig.
Tilknytinga krev rett til å legge leiding over annan manns grunn. Etablering av VA-leidningar er søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova. Slik søknad er tinga av dispensasjon frå LNF-føremålet på staden.
Kartutsnittet viser ingen biltilkomst/veg inn på eigedomen. Etablering av ny veg/vegtilkomst er søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova. Slik søknad er tinga av dispensasjon frå LNF-føremålet på staden.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*